

Førebuing/Forberedelse

18.11.2020

AUT4002 Automatiseringsfaget. Tverrfagleg
eksamen / Tverrfaglig eksamen

Nynorsk

Informasjon til førebuingsdelen	
Førebuingstid	Førebuingstida varer to dagar.
Hjelpemiddel	<p>På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>På førebuingsdagen finn du vedlegget her: https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/forberede-og-ta-eksamen/#forberedelsesdeler</p> <p>På eksamensdagen finn du vedlegget her: https://pgsa.udir.no/</p> <p>I vedlegget finn du omtale av anlegget og forskjellig dokumentasjon. Vedlegget er ikkje trykt på papir.</p>
Andre opplysningar	I førebuingstida kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få rettleiing.

Tema/Situasjonsbeskriving

Du jobbar i eit team med automatikarar, elektrikarar og mekanikarar som skal montera og setja i drift kjøleanlegget. Du skal delta i arbeidet med utstyret som inngår i ammoniakdeteksjon og tilhøyrande tryggleikssystem, òg tilleggskjøling til kondensatorane -LE01 og -LE02.

Arbeidsleiaren tar ein prat med deg før arbeidsoppdraga der han fortel at bedrifta har fokus på kvalitetsarbeid og stiller krav til godt fagleg utført arbeid som mellom anna inneber:

- Sikker utføring av både elektrisk og mekanisk arbeid
- Utarbeiding av nødvendig dokumentasjon i samsvar med standarden til bedrifta, og som kan brukast av anna fagpersonell.
- Bruk av fagterminologi for å beskriva anlegget med tilhøyrande komponentar, og å visa fagleg forståing
- Valg av eigna verktøy og instrument, og riktig bruk av desse
- Strukturert framgangsmåte under feilsøking, og refleksjon over resultata av feilsøkinga

Arbeidsleiaren din fortel at han har tatt fram eit utval frå den originale FDV-dokumentasjonen for anlegget til deg. Sidan det er eit utval, er sidenummereringa ikkje komplett. Vidare seier han at FDV'en omtalar heile anlegget frå eit systemperspektiv. Sidan han gjorde det ganske kjapt kan det hende han har tatt med meir enn du treng. Du må derfor sjå gjennom heile omtala av anlegget for å finna fram til det du meiner er relevant. Arbeidsleiaren din har òg erfart at originaldokumentasjon kan innehalda feil og manglar. Du må derfor hugsa å vera fagleg kritisk, og du må kanskje sjå fleire delar av dokumentasjonen i samanheng for å komma vidare i arbeidet.

Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen	
Forberedelsestid	Forberedelsestiden varer to dager.
Hjelpemidler	<p>På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert bruk av Internett.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>På forberedelsesdagen finner du vedlegget her: https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/forberede-og-ta-eksamen/#forberedelsesdeler</p> <p>På eksamensdagen finner du vedlegget her: https://pgsa.udir.no/</p> <p>I vedlegget finner du beskrivelse av anlegget og forskjellig dokumentasjon. Vedlegget er ikke trykket på papir.</p>
Andre opplysninger	I forberedelsestiden kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få veiledning.

Tema/Situasjonsbeskrivelse

Du jobber i et team med automatikere, elektrikere og mekanikere som skal montere og sette i drift kjøleanlegget. Du skal delta i arbeidet med utstyret som inngår i ammoniakkdeteksjon og tilhørende sikkerhetssystem, samt tilleggskjøling til kondensatorene -LE01 og -LE02.

Arbeidslederen tar en prat med deg før arbeidsoppdragene hvor han forteller at bedriften har fokus på kvalitetsarbeid og stiller krav til godt faglig utført arbeid som blant annet innebærer:

- Sikker utførelse av både elektrisk og mekanisk arbeid
- Utarbeiding av nødvendig dokumentasjon i samsvar med bedriftens standard, og som kan brukes av annet fagpersonell.
- Bruk av fagterminologi for å beskrive anlegget med tilhørende komponenter, og å vise faglig forståelse
- Valg av egna verktøy og instrumenter, og riktig bruk av disse
- Strukturert framgangsmåte under feilsøking, og refleksjon over resultatene av feilsøkinga

Arbeidslederen din forteller at han har tatt fram et utvalg fra den originale FDV-dokumentasjonen for anlegget til deg. Siden det er et valg, er sidenummereringen ikke komplett. Videre sier han at FDV'en omtaler hele anlegget fra et systemperspektiv. Siden han gjorde det ganske kjapt kan det hende han har tatt med mer enn du trenger. Du må derfor se gjennom hele omtalen av anlegget for å finne fram til det du mener er relevant. Arbeidslederen din har også erfart at originaldokumentasjon kan inneholde feil og mangler. Du må derfor huske å være faglig kritisk, og du må kanskje se flere deler av dokumentasjonen i sammenheng for å komme videre i arbeidet.



Utdannings-
direktoratet